

Finn roen i helga

Kystlaget inviterer resten av entusiastane frå Hordaland til ein rotur gjennom kommunen. Thomas Johnson håpar på at det kling i meir austevoll-dialekt og.

– Så langt ser det ut som det vert minst 20 båtar, men eg ynskjer meg endå fleire austevollingar til å skryta over den fantastiske kommunen sin, seier Johnson. Likevel, har han alliert seg med

lokale drivkrefter som skal fortelja om mellom anna skipsbygging i Slorkjen og korleis det var å veksa opp på det gamle kommunesenteret Bakholmen. Det vert både landgang og kos begge stadane.

Overnatting blir på Drøno, og det vert høve til å komma og gå når ein vil under hendinga. Ein kan like gjerne komma i kajakk som i robåt. Johnson og kompanjongane er det fyrste kystlaget som tek over arven frå Tysnes rundt. I år i Austevoll, i 2019 ein annan stad med nytt

innhald.

– Me har teke utfordringa og gler oss verkeleg til å visa fram øyane, holmane og pollane me skal innom. Også ein tur over fjorden til Kobbaneset på Selbjørn står på planen, dersom været ikkje skapar seg vrangt.

Fylkeskystlaget ynskjer å dyrka nærleiken til naturen og den stille ferdselen, og ser dermed for seg å stimulera til Den store roen kvart år framover.

M Trond Hagenes
trond.hagenes@marsteinen.no



Thomas Johnson og Austevoll kystlag vil visa fram skjergarden, med sosialt og historisk krydder under vegg.

Håpar på oppsving

Fotball: Austevoll idrettsklubb har berre kapa ti poeng på elleve kampar. Laurdag er haustsesongen i gang, med von om betre tider.

– Me treng avgjort meir rutine i laget. Det ser me ut til å få ved at Inge André Rabben no er tilgjengeleg heile tida etter jobb-skitte, samstundes som me arbeider med å få signert Joachim Bjånesøy attende til klubben, seier AIK-trenar Stig Storebø. Midtbanelitaren har det siste året vore med Lysekloster og Varegg, og kan ha mykje å bidra med på sentral midtbane.

Austevollherrerane har det siste året slite med at dei nærast er vortne årelata med rutinerte spelarar, noko som truleg har ført til eit etter måten smertefullt generasjonsskifte. Særskilt

på bortebane har den manglande rutinen spela inn. Null poeng og ein grell målskilnad er fasit så langt. Ein tynn stall har òg vorte råka av mange skadar på viktig personell. Den gamle toppscoraren Tord Harald Skår skal vera skadefri, og stadfestar at han har planar om å prøva seg mot Sandviken med von om at beina skal halda han oppreist.

Heiste nesten flagget

Tidlegare denne veka møtte 19 ivrige AIK-arar på trening. Stig Storebø fortel at han nesten heiste flagget, sidan oppmøtet ikkje har vore godt den siste tida.

– Me har tidlegare i sesongen vore avhengige av å bruka spelarar som vert kasta inn på banen, utan treningsgrunnlag. Slikt får du ikkje betalt for, sjølv i fjerdedivisjon, seier trenaren. Mange av laga dei konkurrerer med har fire treningar i veka og ein sterkare kultur kring desse



Joachim Bjånesøy kan vera på veg attende til moderklubben etter opphald i Lysekloster og Varegg. Her frå fjorårets cupbatalje mot Brann. Arkivfoto.

enn austevollherrerane.

AIK kjenner uansett nedrykk-skremtet pustande i nakken. Dei har få poeng ned til sikkert nedrykk, medan det er forhold

i tredjedivisjon – talet på hordalandslag derfrå som går ned til fjerdedivisjon – som avgjer kor mange lag som rykkjer ned utover ellefte og tolvteplassen.

I ytste konsekvens kan fire lag rykke ned frå AIK si avdeling.

M Trond Hagenes
trond.hagenes@marsteinen.no

Blanda drops for austevollingane

Halldor Østervold Stenevik er attende i Brann etter utlån i Nest-Sotra, der ei skulder ute av ledd sette han attende. Også for mange av dei andre fotballsparkande austevollingane har sesongen så langt vore prega av opp- og nedturar.

Venstrekannten Halldor Østervold Stenevik seier til Marsteinen at han er strålende nøgd med det siste låneopphaldet på Ågotnes. Han fekk markert seg godt i fyrstedivisjon, før han no er attende i Sportsklubben Brann.

– Eg fekk vist meg godt fram før skaden i mai. No er det deileg å vera attende på banen, seier den unge fotballprofilen til Marsteinen.

Medalje og cup

På kvinnesida er Arna-Bjørnar og Ingrid Østervold Stenevik involvert i kampen om medaljane, og ligg berre eitt poeng unne bronzen, som rivalen Sandviken innehar. Dette er godt i tråd med målsetnaden om medalje, kan forsvarsskippa stadfesta.

– For Arna-Bjørnar sin del vil eg beskriva sesongen så langt som ujevn. Me begynte veldig bra med to sigrar, etterfølgd av ein litt lang, tung periode kor me tapte ein del poeng me ikkje burde. Rett før sommaren

snudde det litt og me gjekk på ferie med tre sigrar i cup og serie. Me starta og ferien med ein 6-1-siger, så eg har trua på at detta kan bli bra, seier ho til avisa. Stopparen legg til at ho stortrivst i Arna-Bjørnar.

– Me har ekstremt fotballsmarte trenarar og eg har utvikla meg mykje, kanskje spesielt i hovudet. Som midtstoppar, kan det vera avgjerande. Me har ein veldig spelande spelestil som passa godt til meg. Men til liks med prestasjonane til laget, har prestasjonane mine òg variert. Makkaren min, Helene Gløppen, har eg ekstremt god kjemi med. Me kjenner kvarandre veldig godt, og det trur eg gjen-speigar seg på banen. Me er eit godt team, forklarar Østervold

Stenevik.

Skadd i Lysekloster

I år som i fjor jagar Munkane frå Lysekloster opprykk frå tredjedivisjon. Denne sesongen har dei i det store og heile måtta klara seg utan storscorar Kristoffer Østervold.

– Eg rauk leddbåndet i oklet midt i juni, og på MR fann dei rett og slett ikkje noko att av det, seier midtspissen til Marsteinen. Før det hadde han vore ute med inflammasjon i akilleshælen. Vona er at han skal vera klar til den siste handfullen av seriekampar i år.

For Alexander Dale og dei andre austevollingane i Os ser det ut til å gå vegen. Dei leiar AIK si avdeling, men kanskje ikkje

like suverent som ekspertane før sesongen hadde spådd.

– Me er vel brukbart fornøyd. Eitt tap for mykje einaste. Men står no me med ti kampar på rad uten tap. Viss me held fram slik i haust blir det nok opprykk, trur forsvarsspelaren, som er klubbkamerat med Frode Storebø og Marius Mikkelsen hos osingane.

Helene Vassnes spelar for Åsane i kvinnene sin fyrstedivisjon. Der har det ikkje gått akkurat som dei hadde vona, og sjølv brekte ho beinet på slutten av vårsesongen.

– Det var ekstra surt, sidan fleire andre klubbar i divisjon var interessert i meg, seier åtakaren til Marsteinen.

Kystsoget vekene

24-26 august 2018 i Bekkjarvik



Laurdag 25. august
Konsert i Stolmen kyrkje med
Solveig Leithaug m/band
kl 21.00

Fredag 24. august
Konsert i Løo med
Didrik Solli Tangen
kl 19.00



Marknad på kaien



Rokonkurranse



Turar med "Seladon"



Sjørøvarjakt og
grilling i Juthålo